



Statens landbruksforvaltning
Norwegian Agricultural Authority

Stortingsgaten 28
Postboks 8140 Dep
N-0033 Oslo
Telefon 24 13 10 00
Telefaks 24 13 10 05
postmottak@sif.dep.no

| | |
|-------------------------|--------------|
| LINDÅS KOMMUNE | |
| Klassering | |
| 20. 11. 2014 | |
| Ark. saksnr. 14/7584 | Løpenr. |
| Saksh. | Tilgangskode |

Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord

Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord

Alle som søker om tilskot til drenering av jordbruksjord, skal fylle ut dette skjemaet. Dersom det vert søkt om tilskot til drenering på fleire eigedomar, må det fyllast ut eitt skjema for kvar eigedom. Kommunen fastset søknadsfrist. Send skjemaet til den kommunen der dreneringsarealet ligg. Les rettleiinga på side 4 før søknaden blir fylt ut. Fyll også ut vedleggslista på side 2 i skjemaet, og legg ved påkravd og relevant dokumentasjon.

Tilskot til drenering kan ikkje gjevast til tiltak som er byrja på før kommunen har løyvd tilskot. Dersom ein under gjennomføringa av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regional kulturminneforvaltning (fylkeskommunen/Sametinget) kontaktast. Dersom tiltaket er i konflikt med automatisk freda kulturminne, vert denne søknaden også sett på som søknad om dispensasjon frå kulturminnelova, jf. § 8, 1. ledd i lova.

1 Grunnopplysningar

Søkjaren sitt namn (etternamn, for- og mellomnamn)

HARALD SAGSTAD

Org.nr. (9 siffer)

876532042

Fødselsnr. (11 siffer) (vert berre å fylle ut når søkjar ikkje har org.nr.)

Adresse

E-postadresse

Kommunenr. (4 siffer)

1263

Eigedomen søknaden gjeld

(Gardsnr., Bruksnr., Festenr.)

137/7

Kontonr. (11 siffer)

36321500611

Telefonnr. (8 siffer)

2. Tiltak

Det kan berre gjevast tilskot til areal som tidlegare har vore grøfta.

Når vart tidlegare grøfting utført?

| Type tiltak | Areal, dekar | Laupemeter grøft, meter |
|----------------------|--------------|-------------------------|
| Systematisk grøfting | | X |
| Profilering | | |
| Omgraving | | |
| Avskjeringsgrøft | | |
| Anna grøfting | | |
| Sum alle tiltak | | |

Areal rørt av avskjeringsgrøft/usystematisk grøfting

Dekar

Tiltaket skal gjennomførast på (kryss av)

Eige areal

Leigd areal

Planlagt anleggsstart, dato:

1/11 - 13

Planlagt ferdigstilling, dato:

20/6 - 14

Merknader:

| VEDLEGGSLISTE | |
|--|---|
| Søknaden skal innehalde: | |
| Plan for drenering av arealet | <input checked="" type="checkbox"/> Vedlagt |
| Kart i føremålstenleg målestokk der dreneringsarealet er teikna inn, og kjende automatisk freda kulturminne og eventuelle biologiske verdiar skal vere avmerka på kartet | <input checked="" type="checkbox"/> Vedlagt |
| Miljøplan trinn 2 for det arealet som det blir søkt om tilskot til | <input checked="" type="checkbox"/> Vedlagt |
| Søknaden kan også innehalde: | |
| Dokumentasjon av tidlegare utført grøfting, kva: | <input type="checkbox"/> Vedlagt |
| Anna, kva: | <input type="checkbox"/> Vedlagt |

| 3. Underskrift | |
|--|-------------|
| Eg forsikrar at opplysningane i søknaden er fullstendige og korrekte. | |
| Eg er kjent med at <ul style="list-style-type: none"> • kommunen og fylkesmannen kan kontrollere opplysningane • feil eller mangelfulle opplysningar kan føre til at tilskotet blir halde tilbake eller avkorta • feil utbetalt tilskot kan krevjast tilbake. | |
| Stad og dato | Underskrift |

| 4. Kommunen si handsaming | |
|---|---|
| Sjå rundskriv frå Statens landbruksforvaltning til kommunar og fylkesmenn for rettleiing til felt 4. | |
| Planstatus for området i arealdelen i kommuneplanen: | |
| Planstatus for området i ein eventuell reguleringsplan: <i>LMF</i> | |
| Er området verna eller foreslått verna etter naturmangfaldlova. I tilfelle, kva verneform? | <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei |
| Er det registrert biologiske verdiar i området (medrekna prioriterte artar og utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova)? I tilfelle, kva? | <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei |
| Er arealet (heile eller delar) freda eller foreslått freda etter kulturminnelova? I tilfelle, kva for vernestatus og/eller kva for kulturminne? | <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei |

| 4.1 Automatisk freda kulturminne | |
|--|---|
| Kva for søk/undersøkingar har kommunen gjort med omsyn til kjende og ikkje kjende automatisk freda kulturminne i det aktuelle området? | |
| | |
| Er det kjende automatisk freda kulturminne i området? | <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei |
| Avstand til nærmaste kjende automatisk freda kulturminne: | meter |
| Kan tiltaket røre ved ikkje kjende automatisk freda kulturminne? | <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei |
| Dersom ja (på minst eit av spørsmåla), skal kommunen sende søknaden til regional kulturminneforvaltning for uttale, jf. felt 5. | |

| 4.2 Løyving av tilskot | | |
|---|--------------|-------------------------|
| For utrekning av tilskot og rapportering til fagsystemet: | | |
| Type tiltak | Areal, dekar | Laupemeter grøft, meter |
| Systematisk grøfting | 13 | X |
| Profilering | | |
| Omgraving | | |
| Avskjeringsgrøft | | |
| Anna grøfting | | |
| Sum alle tiltak | | |

| | | | |
|-----------------------|----|-----------------|-------------|
| Sum løyvd: | | | |
| Tal dekar: | 13 | X 1000 kr/daa | = Kr 13.000 |
| Tal meter: | | X 15 kr/meter * | = Kr |
| Sum løyvd tilskot, kr | | | Kr 13.000 |

* Avgrensa til kr 1000 per daa påverka areal

| | | |
|--------------------------------|-------------------------------------|---|
| Tiltaket skal gjennomførast på | <input type="checkbox"/> Eige areal | <input checked="" type="checkbox"/> Leigd areal |
|--------------------------------|-------------------------------------|---|

| 4.3 Utbetaling av tilskot | |
|--|--|
| Dato for skriftleg oppmoding frå søkjar om utbetaling: | |
| Følgjande dokumentasjon for gjennomføring av tiltak ligg føre: | |
| Faktura frå entreprenør, som viser kva som er gjort | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei |
| Kvitteringar for innkjøp av røyr og anna materiell | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei |
| Annandokumentasjon (fotografi, synfaringsrapport, mv.) | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei |
| Tilskot på kr | Vert å anwise for utbetaling frå fylkesmannen |
| Evt. merknader: | |
| Stad og dato | Underskrift |

5. Uttale frå regional kulturminneforvaltning

Sjå informasjon frå Riksantikvaren til regional kulturminneforvaltning for rettleiing til felt 5.

Er det automatisk freda kulturminne på omsøkt areal?

Ja Nei

Dersom ja, kva?

Merknader (ved behov for meir plass, legg ved uttale):

Uttale følgjer vedlagt:

Ja Nei

Tilråding (kryss av):

- Tiltaket kan gjennomførast som planlagt
- Tiltaket er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Søknaden er sendt Riksantikvaren for avgjerd.

Stad og dato

Underskrift

6. Rettleiing for utfylling av skjema

Det kan gjevast tilskot til eigar av eller føretak som leiger tidlegare grøfta jordbruksareal. Dersom du søker om tilskot til drenering på fleire eigedomar, skal du fylle ut eit skjema for kvar eigedom. Søknaden skal sendast til den kommunen der eigedomen ligg.

Felt1

Gje opp organisasjonsnummer. Unntak frå dette er eigarar av landbrukseigedom som ikkje har organisasjonsnummer. Desse kan nytte felt for fødselsnummer.

Felt 2

Tidlegare grøfting

Tilskotet omfattar berre areal som tidlegare har vore grøfta. Ofte vil gamle grøfter og grøfteutløp mm vere synlege. Dersom det er tvil om arealet tidlegare har vore grøfta, må eigar/søkjar gjere dette sannsynleg. Aktuell dokumentasjon kan til dømes vere tidlegare grøfteplanar, tilskotsbrev om grøfting med grøftekart eller relevant faktura. Annan dokumentasjon kan vere stadfesting frå entreprenør eller andre personar, foto som viser effekt av gamle grøfter, osb.

Ulrike dreneringstiltak og krav som er knytt til tiltaka

Søknad om tilskot til systematisk grøfting, profilering og omgraving skal gjevast opp i tal dekar jord som skal drenerast, og følgjande er meint med tiltaka:

- **Systematisk grøfting:**
Drenering med ein bestemt intensitet (avstand mellom grøftene) som dekkjer eit gitt areal, tilstrekkeleg til å sikre ein tilfredsstillande dreneringstilstand på arealet.
- **Profilering:**
Overflateforming der eit system av opne grøfter med møneforma teigar mellom sikrar overflateavrenning på arealet.
- **Omgraving:**
Omsnuing av jordprofilen på myrareal, slik at torvjord blir lagd under og eit lag av undergrunnsjord blir lagd på toppen. Omgraving skal drenere arealet og betre bereevna.

Søknad om tilskot til avskjeringsgrøfting og anna (tilfeldig) grøfting skal gjevast opp i tal laupemeter grøft. Avskjeringsgrøfter hindrar at vassig frå overliggjande areal kjem inn på jordbruksarealet. Med anna grøfting er det meint usystematisk eller tilfeldig grøfting/drenering for å turrlagge mindre parti på jorden.

Det kan ikkje gjevast tilskot til tiltak som medfører vesentleg skade for annan eigedom og naturmangfald, vesentleg fare for

flaust og vassforureining eller fare for skade på automatisk freda kulturminne. Det kan heller ikkje gjevast tilskot til tiltak som allereie er byrja på eller utført før tilskot er løyvd.

Automatisk freda kulturminne

Kulturminne er i kulturminnelova definert som alle spor etter menneskeleg aktivitet. Alle kulturminne frå før 1537, og samiske kulturminne eldre enn 100 år, er automatisk freda. Kjende kulturminne er registrerte i kulturminnedatabasen Askeladden, og er tilgjengeleg via <http://www.skogoglandskap.no/temaer/gardskart>. Men i dyrka mark ligg eit høgt tal ikkje kjende kulturminne under markoverflata. Busetjings- og dyrkingsspor kan fortelje om garden si historie, ofte tilbake til mellomalder og jernalder.

Det er forbode å gjere inngrep i automatisk freda kulturminne (jf. kulturminnelova § 3) utan særskild løyve. Det er tiltakshavar sitt ansvar dersom det skulle oppstå skade på automatisk freda kulturminne, sjølv om kommunen har gitt tilsegn om tilskot til drenering.

Ferdigstilling av tiltak

Frist for gjennomføring av tiltak er tre år frå søknaden blei løyvd. Når tiltaket er ferdig utført, skal du dokumentere dette (faktura frå entreprenør som viser kva som er gjort, kvitteringar for innkjøp av røyr og anna materiell) og skriftleg oppmode kommunen om å få utbetalt tilskot. Dersom du har gjennomført tiltaket sjølv, kan dokumentasjon til dømes vere kvitteringar for innkjøp av røyr og anna materiell, fotografi, rapport frå synfaring, el.

Vedleggsliste

Legg ved dreneringsplan og kart i føremålstenleg målestokk (t.d. 1:1000 eller 1:2000). Du finn kart på <http://www.skogoglandskap.no/temaer/gardskart>. Planen må innehalde ei skildring av korleis dreneringa er planlagd utført (lukka grøfter, opne grøfter, profilering eller omgraving), samt ei kort omtale av utforming av grøfteutlaup. Planen bør angje grøfteavstand og -djupn, røyrdimensjon, filtermateriale og sikringstiltak for kummar og utlaup. På kartet skal du skissere eit omriss av arealet kor det skal drenerast. Grøfter, kummar og utlaup skal merkast av på kartet. I tillegg skal kjende automatisk freda kulturminne, eventuelle biologiske verdiar m.m teiknast inn på kartet.

Legg ved miljøplan trinn 2 for det aktuelle arealet. Miljøplan trinn 2 skal vise målsetting for miljøinnsats, og vise miljøverdiar og -utfordringar på det aktuelle arealet. For det arealet som er planlagd drenerert, skal du med eventuell bistand frå kommunen vurdere effektar av dreneringa på naturmangfald, kulturminne og vassførekomstar oppstraums og nedstraums.

Dersom du ikkje har miljøplan (kan td vere eigarar av landbrukseigedom som ikkje driv jorda sjølve), må du leggje ved søknaden tilsvarande informasjon som omtalt ovanfor.


Kva skjer i søknadshandsaminga?

Kommunen vil handsame søknaden din og løyve evt. tilskot til drenering.

Dersom dreneringstiltaket kan røre ved automatisk freda kulturminne, må også regional kulturminneforvaltning (fylkeskommunen og Sametinget) vurdere søknaden. Kommunen vil då sende søknaden din over til kulturminneforvaltninga.

I nokre saker kan det vere nødvendig med ei arkeologisk undersøking før endeleg uttale kan gjevast. Dersom arealet som du søkjer om tilskot til, utgjer mindre enn 100 dekar, blir tiltaket i denne samanhengen rekna som eit mindre, privat tiltak, og staten dekkjer alle utgifter til arkeologiske undersøkingar, jf. kulturminnelova § 10.

Dersom tiltaket er i konflikt med automatisk freda kulturminne, skal kulturminneforvaltninga gje endeleg uttale i saka innan 3 månader frå dei har motteke søknaden.



- | | | |
|----------------|---------------------|----|
| Myr | Beite | Ur |
| Barnmyr | Barskog | |
| Blaningsmyr | Blandingskog | |
| Lauvmyr | Lauvskog | |
| Jordmyr | Anna jorddekt flatt | |
| Dyrka mark | Grunnlendt | |
| Overflatedyrka | Fjell | |

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.




Lindås kommune
Geodata avdeling

Dato: 2013.11.27
Sign: lini



Målestokk
1:1000



- | | | |
|----------------|---------------------|----|
| Myr | Beite | Ur |
| Barnmyr | Barskog | |
| Blaningsmyr | Blandingskog | |
| Lauvmyr | Lauvskog | |
| Jordmyr | Anna jorddekt flatm | |
| Dyrka mark | Grunnlendt | |
| Overflatedyrka | Fjell | |

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune
Geodata avdeling

Dato: 2013.11.27
Sign: lini



Målestokk
1:1000

100m